

Falck Renewables Vind AS
Bukta
6823 SANDANE

Vår dato: 24.03.2020
Vår ref.: 200704489-72
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Falck Renewables Vind AS - Vedtak om utsett frist for idriftsetting av Okla vindpark, Stad kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 04.03.2020 frå Falck Renewables Vind AS om utsett frist for idriftsetting av Okla vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2021 og forlenging av konsesjonens varigheit frå 31.12.2045 til 31.12.2046. Okla vindkraftverk ligg i Stad kommune, Vestland fylke.

Endeleg anleggskonsesjon for Okla vindkraftverk vart tildelt Vestavind Kraft AS av Olje- og energidepartementet (OED) den 12.06.2015. I det første konsesjonsvilkåret er det sett frist om idriftsetting av anlegget innan 31.12.2020 og ein konsesjonsvarigheit på maksimalt 25 år frå det tidspunktet anlegget vert sett i drift, men ikkje utover 31.12.2045.

I 2017 vart Falck Renewables ny majoritetseigar i Vestavind Kraft AS og Vestavind Kraft endra namn til Falck Renewables Vind AS (FRV).

FRV søker om utsett frist for idriftsetting av Okla vindkraftverk med grunngjeving i at dei ventar på politisk avklaring av dispensasjonssøknaden deira frå kommunes arealplan, samtidig forventar dei at vedtaket blir påklaga og at byggstart først kan starta godt ut i 2020. På bakgrunn av dette meiner FRV det ikkje er mogleg å setta anlegget i drift innan 31.12.2020. FRV viser til at linjebygginga til vindkraftverket nærmar seg ferdigstilling, at det er inngått kontrakt med Vestas om turbinleveransar og Stenger & Ibsen om grunnarbeid. FRV meiner dei vil få store økonomiske tap viss dei ikkje rekker fristen for idriftsetting.

NVEs vurdering

NVE stør seg til FRV si vurdering at det vil vera utfordrande å realisera Okla vindkraftverk innan 31.12.2020.

NVE har hatt som fast praksis å gi forlenga frist for idriftsetting av vindkraftverk fram til og med 31.12.2021. Dette er i tråd med eit brev NVE sendte ut til alle konsesjonærar den 27.11.2019. NVE har dermed ikkje funne det naudsynt å senda søknaden på høyring.

NVE ber Falck Renewables om å orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4, andre ledd, gir NVE Falck Renewables utsett frist for idriftsetting av Okla vindkraftverk til 31.12.2021 og utvida konsesjonsvarigheit til 31.12.2046. NVE har i avgjerda lagt vekt på at igangsetting av arbeidet med vindkraftverket ikkje kan settast i gang, før dispensasjon frå gjeldande arealbruk føreligg.

Klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Bård Inge Fløde
FYLKESMANNEN I VESTLAND
STAD KOMMUNE
STAD LANDSKAP
VESTLAND FYLKESKOMMUNE